

Til Fedje kommune v/kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Kontrollutvalet har i møte den 01.06.2023 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Fedje kommune som er endeleg avgitt av kommunedirektøren den 30.05.2023, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 30.05.2023.

Kommunen har i 2022 eit netto driftsresultat på kr. 2 664 892,-. Kommunedirektøren og økonomisjef har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering om årsrekneskapen og årsmeldinga og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen/årsmeldinga. Revisor har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering i møtet og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og ei samla vurdering tilrår difor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2022 blir godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksame på at kommunedirektøren heller ikkje i år har avlagt fullstendig dokumentert årsrekneskap og årsmelding for Fedje kommune for rekneskapsåret 2022 innan lovpålagt frist. Forseinkingar i fullstendig leveranse av årsrekneskap og årsmelding har ført til at revisor difor først gav ei negativ revisjonsmelding på fristen for å avgje revisjonsmelding (17.04.2023). Denne revisjonsmeldinga er erstatta av ei rein melding (normalberetning), datert 30.05.2023, som gjev grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming. Sein leveranse av fullstendig årsrekneskap, med følgjer om forseinka revisjonsmelding, har igjen gitt kontrollutvalet svært lite tid til å setja seg inn i dokumenta. Dette er uheldig med omsyn til forsvarleg sakshandsaming frå kontrollutvalet si side.

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 30.05.2023, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Fedje kommune sin årsrekneskap for 2022.

Fedje, 01.06.2023

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet